

finna stad

rapport Gulatingset 2024

mål

Mobilisera til deltaking i lokalsamfunna, bygdene får utvikla sine stemmer og skal løftast fram i fellesskapet ved Gulatinget 2024.

Visuelle forteljingar gjennom kunst, poesi, og handverksaktivitetar.

Praktisering av jubileets tre tema: Folkestyre, Tillitt og Fred.

Utstilling under jubileumshelga 23-25 august 2024

LY

Kunstnarane Tone Einelia og Petra Rahm etablerte i 2023 Finna stad - eit kunstnerisk rammeverk for å undersøkje det som skjer i møtet mellom kunst, stad og menneske. Gjennom året fram mot jubileumsfeiringa Gulatinget 2024, har dei jobba saman med ulike grupper i lokalsamfunna i Gulen., for å bli kjend med folk, stadar, kultur og lokal historie.

Jubileet Gulatinget 2024 har valgt som tema for jubileet; *verdiar i lovverket: tillit, folkestyre, fred*. Hva betyr desse omgrepene for oss i dag? Kven sine stemmer kjem fram i eit folkestyre? Korleis kan vi byggje tillit til kvarandre?

Kunstnarane har skapt forskjellige møtestader for samskaping, samtalar og utveksling av erfaringar, tankar og idéar - med ungdommar, eldre og lokale eldsjeler. I møta har ulike handverksteknikkar vore eit utgangspunkt for eksperimentering og utforsking. Handverk som keramikk, plantefarging og vev er blitt brukt av menneske i alle tider og i alle kulturar, og slik er dette noko som bind menneske saman over tid og stad.

I utstillinga LY blir det vist fram arbeid som tek utgangspunkt i desse samskapande prosessane Noko av arbeida er konkrete samarbeid, medan andre verk er blitt skapt i kunstnarane sine verkstadar. Dei er uansett direkte knytt til det kunstnarane har opplevd, sett og lært på sine turar i Gulen frå august 2023 til august 2024.

Samarbeid:

Sjukeheimen:

Vi hadde ønskje om å bli kjend med dei som har budd i Gulen aller lengst, og skapte ein fast møteplass på Gulen sjukeheim. Her fekk vi innreie eit sanseleg rom. Der vi inviterte til formiddagskaffe. Historier vart delt, dikt vart laga, småkaker vart spist, tårene trilla både av latter og sterke kjensle. Saman har vi skapt ei utsmykking på sjukeheimen som vil være igjen som et spor av tida vi har hatt saman.

Steinmuren:

Noko av det første vi oppdaga i kulturlandskapet i Gulen, var dei fantastiske steinmurane og steinveggane på gamle hus og lører. Dette måtte vi lære meir om! Saman med ungdommar fra Dalsøyra skule og i regi av Anne Grete Hønsi, fekk vi en heil dag ved Alvedalsløene. Her lærte vi om lokalhistore og korleis vi byggjer tørrmur på tradisjonelt vis.

Begera:

Begeret er kanskje den mest grunnleggjande av dei keramiske formene. Gjennom fleire verkstadar, har vi saman med mennesker i Gulen laga beger med knipeteknikk. Kvart beger får sitt eige uttrykk. Fleire hundre hender har forma og trykt, og slik blir begera ei felles form men med utallige nyansar.

Plantetrykka:

Ein vindfull sommardag samla vi alle ungdomsskuleelevene i Gulen på Gulatinget. Vi eksperimenterte med plantefarging og plantetrykk på silkestoff. Å farga stoff med plantematerialer er ein fleire tusen år gammal teknikk. Stoffa i utstillinga har spor av plantar funnet på Gulatinget i juni dette året.

Prosjektet og utstillinga blir gjennomført med støtte frå:

Gulen kommune, Vestland fylkeskommune, Barne- og familidepartementet, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Regionalt stipend fra Bildende kunstneres hjelpefond.

aktivitet 2023-24

1. Museumsdagar ved Alvedalsløene, vi lagar vår eigen tørrmur. og jobabr med leire i naturen, saman med Dalsøyra ungdomskule. August 23
2. Kulturdagar i Gulatun, helg med kunstforedrag, kafe, utstillingar og workshops. September 23
3. Prosessar og samarbeid med Gulen sjukeheim september 23 til august 24
 - det sanselege rommet
 - utsmykking av 2.etasje
4. Kulturelle skulesekken Gulatinget juli 2024- alle ungdomsskuleelevar i Gulen kommune
5. Utstilling under Gulatingets jubileumsheld 2023, Grindbygget ved Gulatinget.

August 2023

Museumsdagar ved Alvedalsløene. Samarbeid mellom Anne Grethe Hønsi, lærarar frå Dalsøyra skule og Finna stad. Vi lagar og lærer korleis vi byggjer tørrmurr.



September 2023

Kulturdagar i Gulatun, helg med kunstforedrag Gunnar Danbolt og Anne Grete Hønsi fortel om J.C. Dahl sin kunst og hans ætt frå Oppdalsøyri. Ungdomsskuleelevar laga kakekafe, utstillingar av skulearbeid og J.C. Dahlprosjekt på skulen, og utstilling av lokale amatørar og profesjonelle kunstnarar.

Finna stad hadde open keramikk workshop under det tre dagar lange arrangementet.




September 2023

Samarbeid med Gulen Sjukeheim.

Finna stad hadde i snitt 2 til 3 dagar på Sjukeheimen kvar månad.

Kaffiselskap med heimelaga kaker, historieforteljing, tekstilhandverk, maling og poesi. Resultat av samarbeidet vart ei utsmykking i gangar og fellesareal i 2.høgda på Gulen sjukeheimen.





UTAN TITTEL

Akvarell og havsalt på papir

Utsmykkinga er skapt av kunstnarane Tone Einelia og Petra Rahm, saman med bebuarar og tilsette på Gulen Sjukéheim.

Kunstnarane Tone Einelia og Petra Rahm etablerte i 2023 Finna stad - eit kunstnerisk rammeverk for å undersøkje det som skjer i møtet mellom kunst, stad og menneske. Gjennom året fram mot jubileumsfeiringa Gulatinget 2024, har med dette som rammeverk arbeid saman med ulike grupper i lokalsamfunnet i Gulen. Dette for å bli kjent med folk, stader, kultur og historier.

På sjukeheimen blei det laga eit sanseleg rom, der vi saman skapte bileter, dikt, delt historier, ledd godt, blitt rørt og spist småkaker. Saman har vi skapt denne utsmykkinga, som vil være igjen som et spor av tida vi har hatt saman.

Juni 2024

Kulturelle skulesekken- alle ungdomsskuleelevar i Gulen kommune
Plantefarging på grue og forming av små drikkebeger i den eldste
handverksteknikken innan leire, knipeteknikk.

Samarbeid og deltaking om utstillingen LY som skal lagas til
jubileumshelga i august



Dei siste bildene er frå utstillinga LY
Mykje besøk og fine attendemeldingar

Takk til alle gode folk vi møtte i Gulen
dette året, og som har lært oss så mykje







Finna Stad har til saman hatt 31 dagar med konkrete aktivitet for lokalsamfunna i Gulen.

I tillegg er det blitt jobba med planlegging, søknadsskriving, møteverksemd i både i Gulen, Bergen og Sogndal, i løpet av året.

Jubileumsveka var ekstraordinær med samanhengane arbeid i sju dagar. Samt etterarbeid fram til d.d.